


Detaljregulering Loen Vest - Solvik

Oppdragsgivar	Loen Skylift AS
Oppdrag	Detaljregulering Loen Vest - Solvik
Rapport type	Planomtale
Prosjektnr.	171073
Dato	04.04.2019, rev. 03.07.19

Planomtale




INNHALDSLISTE

1	OM PLANFRAMLEGGET	5
1.1	PLANDOKUMENT	5
1.1.1	MÅLESTOKK OG UTSKRIFT:	5
1.2	AKTØRAR	5
1.3	FORMÅL MED PLANARBEIDET	6
1.3.1	FORMÅL I FASTSETT PLANPROGRAM	6
1.3.2	JUSTERINGAR AV FORMÅL I FORHOLD TIL PLANPROGRAM	6
1.3.3	JUSTERINGAR AV UTGREIINGSBEHOV I FORHOLD TIL FASTSETT PLANPROGRAM	7
1.4	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	7
2	PLANGRUNNLAG	8
2.1	PLANSITUASJON	8
2.1.1	STATLEGE FØRINGAR	8
2.1.2	REGIONALE FØRINGAR	8
2.1.3	KOMMUNALE PLANAR OG FØRINGAR	8
2.1.4	GJELDANDE OG TILGRENSANDE REGULERINGSPLANAR	10
2.2	ANALYSAR SOM ARBEIDET ER BASERT PÅ	11
2.2.1	ANALYSAR OG UTGREIINGAR SOM LIGG FØRE VED OPPSTART	11
2.2.2	ANALYSAR SOM ER GJORT I SAMBAND MED PLANARBEIDET	12
3	PLANPROSESSEN	12
3.1	OPPSTARTSMØTE OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET	12
3.2	MEDVERKNAD	13
3.2.1	VARSEL OM OPPSTART	13
3.2.2	DRØFTINGSMØTE	13
3.3	VURDERING AV INNKOMNE INNSPEL ETTER VARSEL OM OPPSTART	13
3.4	ENDRINGAR ETTER HØYRINGSPERIODE OG POLITISK BEHANDLING	13
4	PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON	15
4.1	AREALBRUK OG TOPOGRAFI	15
4.2	GRØNSTRUKTUR OG LANDSKAP	16
4.3	JORD- OG SKOGSBRUKSAREAL	18
4.4	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	18
4.5	NÆRMILJØ	19
4.6	SJØ OG VASSDRAG	19
4.7	INFRASTRUKTUR	19
4.7.1	HØGSPENTLINER	19
4.7.2	VATN, AVLØP OG OVERVATN	19
4.8	FRILUFTSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	19
4.9	NATURVERDIAR, VILTINTERESSER, ØKOLOGISKE FUNKSJONAR	20
4.10	TRAFIKKFORHOLD	20

4.11	BARN OG UNGE SINE INTERESSER	20
4.12	UREINING	20
4.12.1	STØYFORHOLD	20
4.12.2	LUFTUREINING	20
4.12.3	UREINA GRUNN	20
5	<u>RISIKO OG SÅRBARHEIT</u>	<u>21</u>
5.1	FØRINGAR SOM RESULTAT AV ROS-ANALYSE	21
5.2	SKREDFARE	21
5.3	OVERFLATEVATN	21
5.4	NATURMANGFALD	21
6	<u>SKILDRING AV PLANFORSLAGET</u>	<u>22</u>
6.1	MÅLSETJING	22
6.2	PLANLAGT AREALBRUK	22
6.3	ENDRINGAR I HØVE GJELDANDE AREALPLANAR - OPPSUMMERING	22
6.3.1	ENDRINGAR I FORHOLD TIL OMRÅDEREGULERINGSPLANEN:	22
6.3.2	ENDRINGAR I FORHOLD TIL GJELDANDE KOMMUNEPLAN OG REGULERINGSPLAN FOR SOLVIK:	23
6.3.3	ENDRINGAR I FORHOLD TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN FOR SOLVIK:	23
6.4	TRAFIKKOMRÅDE - DIMENSJONERING	23
6.4.1	TRAFIKKTAL	23
6.4.2	DIMENSJONERINGSKLASSE FV.60	23
6.4.1	GANG- OG SYKKELVEG	23
6.4.1	NORMALPROFIL GANG/SYKKELVEG	24
6.4.2	LENGDER NY OG EKSISTERANDE GANG- OG SYKKELVEG	24
6.4.3	AVKØYRSLER	25
6.4.4	TILKOMST TIL LANDBRUKSEIGEDOMMAR	26
6.4.5	FRISIKTSONER	26
6.4.6	AUKA PARKERINGSKAPASITET	26
6.4.7	BYGGEGRENSER	27
6.4.8	TERRENGBEHANDLING OG MASSEBALANSE	27
6.5	BYGGEOMRÅDE	28
6.5.1	BYGNINGSUTFORMING, PLASSERING OG UTNYTTINGSGRAD	28
6.5.2	GRAD AV UTNYTTING	29
6.5.3	UNIVERSELL UTFORMING	29
6.6	SIKRINGSSONER, FARESONER OG BESTEMMELSESONRÅDE	29
6.7	OVERVATN OG DRENERINGSPLAN	29
6.8	SJØ OG VASSDRAG	29
7	<u>VERKNADER AV PLANFORSLAGET</u>	<u>30</u>
7.1	BIOLOGISK MANGFALD OG NATURVERDIAR	30
7.2	SJØ OG VASSDRAG	30
7.3	ESTETIKK OG BUMILJØ	30
7.4	FRILUFTSLIV / BORN OG UNGE SINE INTERESSER	30

7.5	KULTURMINNE OG -MILJØ	30
7.6	INFRASTRUKTUR	30
7.6.1	TRAFIKKILHØVE	30
7.6.2	STRAUMFORSYNING	31
7.7	SAMFUNNSNYTTE OG NÆRINGSUTVIKLING	31
7.8	VERKNADER I ANLEGGSFASEN	31

		Prosjektnr: 17 073		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:
0	Utkast	04.04.19	SN	AR
A	Endringar etter 1.g høyringsperiode	03.07.19	SN	AR
Plankonsulent: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid		Oppdragsgjevar: Loen Skylift AS 6789 Loen		
Prosjektleder: Steinar Nesdal		Sign: <i>Steinar Nesdal</i>		
Kontrollert av: Arild Rindal		Sign: <i>Arild Rindal</i>		

1 Om planframlegget

1.1 Plandokument

Følgande dokument inngår i planframlegget:

- Planomtale, datert 04.04.19 (dette dokumentet)
- ROS-analyse, datert 04.04.19
- Oppsummering av innspel, datert 04.04.19
- Reguleringsplankart, 3 deler, datert 04.04.19
- Føresegner, datert 04.04.19
- Oversiktsteikning B01
- Plan- og profilteikningar C01 – C04
- Normalprofilteikning F01
- Dreneringsplanteikningar G01 – G03

1.1.1 Målestokk og utskrift:

Reguleringsplankart, C-teikningar og G-teikningar er laga i storleik A1 i målestokk 1:500. Dersom dei blir plotta ut tilpassa A3-format, får dei målestokk 1:1000.

Fagrapportar som vedlegg:

- NGI rapport dagsett 03.09.2014:
Sleipner Hoven Loen AS, Loen, Skredfarevurdering for revidert reguleringsplan
- NGI Teknisk notat dagsett 31.05.2018
Skredfare mot parkering
- Sweco AS, rapport dagsett 02.04.2019
Støyvurdering
- (Era Geo AS, rapport 18020-RIG03, 20.12.2018)
Grunnforhold ved utfylling i sjø
Utfylling i sjø er teke ut av planframlegget, rapporten er difor ikkje vedlagt i sin heilskap. I ROS-analysen er kapittel 5 som gjeld gang- og sykkelveg sitert.

1.2 Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS har på vegner av tiltakshavar Loen Skylift AS utarbeidd framlegg til reguleringsplan for Loen Vest - Solvik.

Kontaktpersonar:

Oppdragsgjevar: Loen Skylift AS v/Richard Grov

Plankonsulent, Nordplan AS v/ Steinar Nesdal

1.3 Formål med planarbeidet

1.3.1 Formål i fastsett planprogram

Det ligg føre planprogram for arbeidet. Dette vart fastsett av kommunestyret i Stryn 20.11.2018, sak 108/18. I planprogrammet var følgjande formål med planarbeidet framheva:

- Auka parkeringskapasitet ved fjordstasjonen til Loen Skylift, primært på oppside av fv.60. Tilkomst er tenkt frå eksisterande avkøyrse, i samsvar med gjeldande områderuleringsplan.
- oppgradering av gjeldande reguleringsplan for gang/sykkelveg langs fv. 60 frå Loen til Solvik. Planområdet strekkjer seg vestover til plangrense for ny reguleringsplan for Leitekvia – Solvik (kryss fv.60/ny Opheimsveg), og omfattar om lag 1,2 km gang/sykkelveg.
- Etablering av molo med naustområde og turveg sørvest for fjord-stasjonen. Naustområdet skal erstatte område BUN1 som i gjeldande plan er regulert inn ved parkeringsområdet. Dette vil gi betre trafikkflyt på parkeringsanlegget, i samsvar med slik anlegget pr. i dag er etablert – utan naustområdet.
I tillegg til vern for naustområdet er ny molo aktuell med tanke på auka sjøaktivitet, tilkomst frå sjøsida og som del av ein strand-promenade
- etablering av turveg på sjøside av fv. 60 vestover frå Fjordstasjonen til planlagt ny molo. Dette vil gje samanhengande "strand-promenade" frå Lo-elva/Hotel Loenfjord til ny molo, open for ålmenta.

1.3.2 Justeringar av formål i forhold til planprogram

Ein viktig del av planarbeidet har vore grunnundersøkingar i aktuelt område for bygging av molo og plassering av nye nausttomter. Arbeidet er utført av firma Era Geo og Lingen Grunnboring. Rapport frå arbeidet ligg føre. Undersøkingane viser at det i området der ny molo var tenkt, er utfordringar med kvikkleire. Det mest utfordrande området startar vel 100 meter vest for Fjordstasjonen. Ulike plasseringar av nye naustområde har vore utprøvd, men ein har så langt ikkje funne eit område som både er avklara i høve grunntilhøve og ligg i tilstrekkeleg avstand frå Fjordstasjonen.

I høve Stryn kommune sine prioriteringar **hastar det å legge fram revidert reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg mellom Loen og Solvik**. Nordplan AS og tiltakshavar har innan tilgjengeleg tid ikkje klart å konkludere med plassering av nye naustområde, og legg fram planen utan at nytt areal på nedsida av fv. 60 inngår. Dette betyr ikkje at tiltakshavar har gitt opp arbeidet med molo og nye nausttomter, men at ein vil jobbe vidare med avklaring av kvar dette kan plasserast. Dette for å finne ei løysing som gagnar dei som har naustrettar i område BUN1 i gjeldande reguleringsplan, om naudsynt ved utarbeiding av eigen, supplerande reguleringsplan. Loen Skylift AS leiger i dag nausttomtene i BUN 1. Leigeforholdet vil halde fram til endeleg plassering/avklaring kring nausttomtene er gjort.

Dei to siste strekpunkta i målsetjinga frå planprogrammet gjeldande **molo, nausttomter og turveg på nedsida av fv. 60 er difor i denne runda teke ut av reguleringsplanframlegget**.

1.3.3 Justeringar av utgreiingsbehov i forhold til fastsett planprogram

Kapittel 8 i planprogrammet oppsummerer utgreiingsbehovet for planarbeidet, fordelt på

- utgreiing i planomtalen
- utgreiingar støtta på ekstern fagrapport
- Konsekvensutgreiing etter forskrifta

Når formåla molo, nye nausttomter og turveg i strandlina no vert teke ut av dette planframlegget, **fell følgjande utgreiingstema ut:**

Utgreiingar støtta på ekstern fagrapport:

- Konsekvensen av ny sjøfylling med omsyn på beiteområde for sjøaure, ender og vadefuglar.
- Geoteknisk vurdering ved planlagt utfylling av molo i sjø

Konsekvensutgreiing etter forskrifta


- Fylling i sjø med omsyn til reduksjon av beiteområde for sjøaure
- Tiltak i strandsona sine konsekvensar for naturmangfaldet. Konsekvensar for friluftsliv.

1.4 Lokalisering og planavgrensing

Planområdet er lokalisert ved fjorden, frå Gjølmunna i Loen og vestover langs fv. 60 til Solvik i Stryn kommune. Areal på planområdet er ca. 56,5 dekar, inkludert areal i sjø. Loen Skylift er enten eigar, eller har avtale med eigar av areal som er aktuelle å nytte til formål for Loen Skylift. Areal for bygging av gang- og sykkelveg er i privat eige.



Planområdet grovt markert med raud stipla linje.



Kartskissa over viser avgrensing av planområdet, vist på grunnkartet/dagens situasjon.

2 Plangrunnlag

2.1 Plansituasjon

2.1.1 Statlege føringar

For området er følgjande statlege planar/vedtak relevante:

- Stortingsproposisjon om nasjonale laksefjordar, nr. 79 (2001-2002) og nr 32 (2006-2007)
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (Kgl. Res. 25/3 2011)

2.1.2 Regionale føringar

For området kan følgjande regionale planar vere relevante:

- Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014 - 2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016 – 2021


2.1.3 Kommunale planar og føringar

Planområdet omfattar areal som i større eller mindre grad inngår i fem andre arealplanar; to kommunedelplanar, to detaljreguleringsplanar og ein områdereguleringsplan.

Kommunedelplan for Loen, rev. 2007

Kommunedelplan for Loen, rev. 2007 er «overkøyr» av nyare regulerings- og kommunedelplanar i begge endar av planområdet, men er framleis relevant for midten av planområdet.

- Trase for gang/sykkelveg er avsett på oppside av fv. 60. Dette blir vidareført i nytt planframlegg.




Utsnitt av kommunedelplan for Loen, (2007), som framleis er relevant for midtre del av planområdet. Området som vart revidert i 2012, Kommunedelplan for Loen sentrum, ligg aust for den blå stipla linja.

Kommunedelplan for Loen sentrum, rev. 2012

Kommunedelplan for Loen sentrum dekker deler av den eldre kommunedelplanen for Loen, og vart revidert i 2012, rett før planane om Hoven Loen/Loen Skylift vart fremja. I planen er m.a. areal for sikring av Gjølmunna avsett, mykje overskotsmassar derifrå vart brukt til bygging av eksisterande parkeringsplass ved sjøen.

Planen er i hovudsak erstatta av den nyare områdereguleringsplanen for Hoven Loen. Vi kan registrere at området ovanfor/nord for plangrensa for områdereguleringsplanen er avsett til LNF-område. Eventuelt nytt parkeringsareal som ligg ovanfor planområdet for Hoven Loen er dermed ikkje i samsvar med gjeldande kommunedelplan.

Vi registrerer også at det er avsett faresone for skred og omsynssone for bevaring av naturmiljø (H560_201) nord for planområdet .




Planområdet ligg delvis innanfor Kommunedelplan for Loen sentrum, rev 2012

2.1.4 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

I vest koplpar planområdet seg på detaljreguleringsplan for Leitekvia – Solvik, planID 2015003. I aust dekker planområdet nedre del av områdereguleringsplan for Hoven Loen, planID 2013005. For strekninga i midten er gang/sykkelveg tidlegare avsett både i reguleringsplan for Solvik, plan ID 2004003 og i kommunedelplan for Loen (2007). Meir om dei enkelte planane under.

Områdereguleringsplan for Hoven Loen, planID 2013005


Den austlege delen av planforslaget ligg delvis innanfor områdeplanen Hoven Loen, godkjent i 2015. Denne set mellom anna av areal til fv. 60 (7,5m) med gang/sykkelveg (3,5m), samt parkeringsareal og byggeareal knytt til pendelbana Loen Skylift. Planområdet Loen vest – Solvik innarbeider søndre del av områdereguleringsplanen, og utvidar i tillegg arealet mot nord (parkeringsareal) og mot vest (molo/tursti/aktivitetsområde i sjø). Innanfor gjeldande plan er det ikkje planlagt andre vesentlege endringar enn å flytte naustområdet BUN1 til ny stad lenger vest.




Austre del av planområdet erstattar søndre del av Områderegulering Hoven Loen, godkjent 04.06.2015.

Reguleringsplan bustadfelt Solvik, planID 2004003

Reguleringsplanen frå 2004 er ein stor plan som dekker både Solvik bustadfelt og gang/sykkelveg austover langs fv. 60 til Gjølmunna i Loen. Lengst aust omfattar planen også fv. 60, friområde langs sjøen og noko sjøareal. Områda FR1/FRS1 er avsett til badeplass, med høve til å gjere naudsynt opparbeiding inkludert byggetiltak som samsvarer med formålet.



Ny reguleringsplan vil erstatte heile austre del av den gamle reguleringsplanen frå 2004, frå Solvik til Loen. Vestre del over, austre del under.



Gammel reguleringsplan frå 2004, frå Solvik til Loen. Austre del.

2.2 Analysar som arbeidet er basert på

2.2.1 Analysar og utgreiingar som ligg føre ved oppstart

Konsekvensutgreiing og fagrapportar utarbeidd i samband med områdereguleringsplan for Hoven Loen, planID 2013005

Vurderingar som er grunnlag for vedtak av områdereguleringsplanen gjeld for dei område som er vidareført i denne reguleringsplanen. Dette gjeld vurderingar av biologisk mangfald samt geotekniske vurderingar for utfylling for bygging av parkeringsplass og Fjordshop på nedside av fv. 60, samt bygging av fjordstasjon på oppside av fylkesvegen. Skredfarevurdering og faresoner for skred fastlagt i NGI sin rapport 20140282 er vidareført i denne reguleringsplanen.

2.2.2 Analysar som er gjort i samband med planarbeidet

Biologisk mangfald

- Wergeland Krog Naturkart: Konsekvensutredning tema naturmangfold av 15. oktober 2018. Kartlegging og konsekvensutredning av tiltak med bygging av molo samt turveg frå Fjordstasjon og vestover til ny molo. Rapporten blir ikkje nytta i vurderingane sidan molo og turveg er teke ut av planområdet

Geoteknikk/grunnforhold

- ERA Geo rapport nr 18020-RIG03 av 20.12.2018 Nausttomter vest for Fjordshop, samt vurdering av gangveg nord for fv. 60 Store deler av rapporten gjeld fylling i sjø som ikkje inngår i planområdet. Den er difor ikkje vedlagt, men kapittel 5, som gjeld gang/sykkelvegen er sitert i ROS-analysen.

Skredfare

- NGI 20180405-01-TN: Teknisk notat, Skredfare mot parkering. Vurderer skredfare mot nye parkeringsplassar på oppside av fv. 60, samt tiltak for å oppnå tilfredsstillande tryggleik mot skred.

Trafikkstøy

- Sweco 10211587_RIAKU01_Rev0: Støyfagleg vurdering etter T1442 og Statens vegvesen si praktisering. Vurderer støysituasjon før og etter etablering av ny gang/sykkelveg mellom Loen og Solvik.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Formelt oppstartsmøte vart halde med Stryn kommune 14.12.2017.

Viktige punkt fastsett i oppstartsmøte:

- Stryn kommune tilrår oppstart av planarbeidet
- Plannamn fastsett til Detaljregulering for Loen Vest – Solvik
- Det skal utarbeidast planprogram etter pbl §4-1
- Det skal i planprogrammet vurderast om planen vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn og dermed utløyser krav om konsekvensutgreiing etter pbl § 4-2.

Viktige tema i planen:

- Biologisk mangfald
- Grønstruktur/landskap
- Friluftsliv
- Terrengbehandling og massebalanse
- Trafikk
- Parkering
- Gang/sykkeltrafikk
- Barn og unge sine interesser
- Evt. kulturminne

- ROS-analyse
- Geotekniske tilhøve (Skredfare, grunntilhøve)
- Nærmiljø (nabotilhøve, bygge- og anleggsperiode, tilføre nærmiljøet nye kvalitetar som t.d. gang/sykkelveg)
- Folkehelse
- Omsynet til Gjølmunna
- Sjø og sjøfront
- Overvasshandtering

3.2 Medverknad

3.2.1 Varsel om oppstart

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Fjordingen og e-post eller brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar. Varslingsbrev dagsett 16.04.2018, frist for merknader var sett til 28.05.2018. Planarbeidet vart også annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider (nordplan.no).

Liste over varsla partar er vedlagt. Det er kome inn 8 innspel i annonseringsperioden. Desse er oppsummert og vurdert i eige innspelskjema, vedlagt.

Det ligg føre avtalar om grunnavståing for berørte grunneigarar for grunnavståing til nye parkeringsplassar. Dei fleste grunneigarar for gang/sykkelveg er kontakta i samband med tidlegare planprosessar.

Varsling av oppstart er kunngjort i avisa Fjordingen, samt på kommunen sine heimesider. Varslingsbrev og planprogram er sendt direkte til private og offentlege instansar + at det er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

3.2.2 Drøftingsmøte

Det har vore halde drøftingsmøte med Loen sameige i høve bruk av gbnr 70/1.

Det ligg ikkje føre skriftlege merknader frå grunneigarar som er råka av inngrep som følgje av ny gang/sykkelveg. Det har difor ikkje vore halde organisert orienteringsmøte i høve desse partane, men det har vore kontakt mellom planleggar og fleire av grunneigarane i planarbeidet.

3.3 Vurdering av innkomne innspel etter varsel om oppstart

Innspel som kom inn etter varsel om oppstart, er samanfatta i eige innspelskjema som er vedlagt saka. Her har også Nordplan AS kommentert korleis dei ulike påpeika tilhøve er behandla i planframlegget.

3.4 Endringar etter høyringsperiode og politisk behandling

Planframlegget låg ute til offentleg ettersyn i tida 30.04.19 – 17.06.19. Statens vegvesen fekk forlenga frist til 04.07.19. Følgjande offentlege instansar fekk planen til uttale: Fylkesmannen i Vestland – Barnerepresentanten, Stryn kommune – Fiskeridirektoratet – Kystverket Vest – NVE – Rådet for eldre, Stryn kommune – Sogn og Fjordane fylkeskommune – Statens vegvesen – Stryn energi – Telenor. Det kom inn 7 merknader i høyringsperioden.

Følgjande endringar er vedtekne i høve framlegget som vart lagt ut til offentleg gjennomsyn:

Endringar som følgje av innspel frå Statens vegvesen:

- Namn på avkøyrslene o_SKV2, o_SKV3 og SKV 4 er påført C-teikningane
- Breidde mellom fv.60 og GS-veg er teksta på plankart
- Føresegnene § 4.1 er supplert med reglar for følgjande område, o_SKV2, o_SKV3, SKV3 og SKV 4.
- Frisiktsonene er retta opp i samsvar med Hø1/Hø2 i 2019 versjon av N100:
3 x 35m for kryssing avkøyrslle/GS-veg
4x115m for avkøyrsler i 80-sone
6x75m for avkøyrsler i 60-sone (L2 på 110 meter er behalde i avkøyrslle mot parkeringsplass på nedside av fv. 60)
- Rekkverk er markert på C-tegning profil 905 - 970
- Kostnadsoverslag er oppdatert i høve gatelys og endra lengde rekkverk.

Endringar som følgje av innspel frå Fylkeskommunen i S&Fj:

- Utarbeidd ei forenkla analyse av parkeringsbehovet for Loen Skylift

4 Planområdet – dagens situasjon

4.1 Arealbruk og topografi

Planområdet ligg sørvendt til langs fv.60 inn mot Loen sentrum. Området vest for Gjølmunna som inngår i reguleringsplanen for Hoven Loen er opparbeidd. Vidare vestover består arealet mellom fylkesvegen og sjøen delvis av urørt steinfjære, innslag av steinfylling frå bygginga av fylkesvegen, eit naust og krattskog.

Ovanfor fylkesvegen er planområdet for ein stor del kledd av barskog, utanom ei bustadtomt og ein fritidsbustad. Terrenget er relativt bratt, med innslag av fjellhamrar.




Foto (Loen Active) som viser Loen Skylift fjordstasjon med utbygging av bygg og infrastruktur i samsvar med områdereguleringsplan for Hoven Loen.



Bildet viser fv. 60 og fjørå vestover frå Loen Skylift (Google Maps).



Fjøre, fv. 60, bustadeigedom, barskog. Eigedommane på oppsida av vegen vil få inngrep som følgje av gang/sykkelveg, men vil behalde avkøyrslene til fylkesvegen.



Terrenget på oppsida av fylkesvegen er til dels bratt. Bygging av gang/sykkelveg vil medføre vesentleg masseoverskot på parsellen.

4.2 Grønstruktur og landskap


Planområdet rommar eller råkar ikkje større grønstrukturar.

Planområdet ligg sørvendt til, i strandsona vest for Loen sentrum. Området høyrer til landskapsregion 23, indre bygder på Vestlandet. Landskapsrommet er ope, men avgrensa av fjell rundt fjordarmen.

Ved Loen Skylift fjordstasjon, er areala i stor grad utbygd i samsvar med områdereguleringsplan for Hoven Loen, og lite av det naturlege terrenget står att.

Parkeringsplass og bygg sør for fv.60 ligg på utfylling, med plastra kant mot fjorden. Planområdet vest for fjordstasjonen er ei smal strandlinje, med steinfjøre og småkratt, utan inngrep verken i sjø eller på land.

Området er ikkje registrert som verdsarvområde, nasjonal/ regional område med landskap av særskild kvalitet, eller heilskapleg kulturlandskap. Heller ikkje lokal registrering av særskild verdi.



Området sett frå fv.60 på motsett side av Lo-bukta, før utbygging av Loen Skylift (Google maps).



Austre del av planområdet sett frå pendelbana. Granskogen ved fv. 60 er her hoggen ut. (kjelde:NTB).



Fjordstasjonen til Loen Skylift med eksisterende parkeringsplass og gangbru over fv.60.

4.3 Jord- og skogsbruksareal

Det er ikkje jordbruksareal innanfor planområdet, berre skogsmark.

Bygging av gang/sykkelveg vil medføre at om lag 9700m² skogsmark bli omdisponert til trafikkareal (Arealet på oppside av fv. 60 frå Loen Skylift til Solvik).

Arealressurskartet frå AR5 viser at over halvparten av arealet er dekkja med barskog, resten med lauvskog. Mykje av barskogen lengst aust er nyleg hoggen.



Arealressurskart, kjelde www.fylkesatlas.no. Mørkegrønt er barskog, lysegrønt er lauvskog.

4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturminne innanfor eller i tilknytning til planområdet. Det er heller ikkje noko registrering i SEFRAC-registeret (www.miljøstatus.no). I samband med Konsekvensutgreiing for områdereuleringsplan Hoven Loen var det utført

kulturminneregistrering innanfor planområdet til områdeplanen, utan funn. Bergen Sjøfartsmuseum vurderte i same planprosess funnpotensialet i sjø for lågt, og kravde ikkje registrering i høve til kulturminne.

4.5 Nærmiljø

Plangrensa er sett langs med Gjølmunna. Aust for elva ligg eit bustadområde og hotellområdet til Alexandra. Opparbeidd småbåthamn er nabo ved sjøen. Det er no etablert samanhengande gangsti langs sjøen frå Hotel Loenfjord, forbi parkområde og småbåthamn, over Gjølmunna og forbi parkeringsplass ved fjordstasjonen til Loen Skylift. I området vidare vestover er det utanom skogsmark og veg, eit naust, ein bustadeigedom og ein fritidseigedom.

4.6 Sjø og vassdrag

Lo-bukta inngår i verneområde for nasjonal laksefjord.

I samband med bygginga av Loen Skylift er det fylt ut areal til bygg og parkeringsplass. Dette er gjort i samsvar med gjeldande områdereguleringsplan. Elva Gjølmunna er forbygd i samband med bygging av sikringstiltak langs elva, blant anna med eit stort sedimenteringsbasseng plassert aust for øvre del av planområdet.

Vestover frå fjordstasjonen til Loen Skylift er det med unnatak av eit naust og tidlegare vegfylling for fv. 60 ikkje gjort vesentlege inngrep i strandsona.

4.7 Infrastruktur

Fv. 60 går gjennom området. Veggen har gul stripe, men innfrir ikkje dagens krav til vegbreidde eller sideareal. Gang/sykkelveg er i samband med utbygging av Loen Skylift utbygt frå og med Gjølmunna i Loen og i 170 meters lengde forbi anlegget til Loen Skylift. Vidare mot Solvik er det ikkje gang/sykkelveg eller brei skulder.

4.7.1 Høgspenliner

Høgspenline går i dag i luftspenn på oppsida av (utanfor) planområdet. Stryn Energi har planar om å legge ei oppgradert utgåve av denne høgspenlina i jordkabel i ny gang/sykkelveg.

4.7.2 Vatn, avløp og overvatn

Vassforsyning og avløpsløyising er etablert for Loen Skylift i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Planområdet har tilsig av fleire bekkar frå fjellsida ovanfor. Desse vert handtert i veggrøft og kummar, med stikkrenner som kryssar fylkesvegen og går til sjø. Ovanfor anlegget til Loen Skylift vert overflatevatnet samla og ført til overvass-system som ligg under parkeringsplassen på nedsida av fylkesvegen.

4.8 Friluftsanset, rekreasjonsverdi og bruk

Planområdet råkar ikkje statleg sikra friluftsområde, eller regionale viktige friluftsområde på sjø eller land.

Størst friluftsiinteresse knyter det seg til den etablerte Via Ferrata, klatrestien som har tilkomst gjennom planområdet. Denne er sikra med gangsti frå eksisterande gang/sykkelveg og oppover langs Gjølmunna.

4.9 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar

Ikkje særskilte interessekonflikter med slike verdiar i planframlegget

4.10 Trafikkforhold

Fv. 60 går gjennom planområdet. Der er avkøyrslar til eksisterande bustadhus og fritidsbustad.

Fylkesvegen har vidare avkøyrslar til parkering for skyliften på nedside av fv. 60, og til fjordstasjon på oppside av fv. 60. Eksisterande parkeringsplass har ei utforming som fungerer bra både for shuttlebuss og personbil, men har i sommarsesong for liten kapasitet for personbilar.

4.11 Barn og unge sine interesser

Vi kjenner ikkje til at planområdet inneheld areal eller funksjonar som har særskilte interesser for barn og unge, med unnatak av det opplagte behovet for gang/sykkelveg som vil gje trygg ferdsle langs fylkesvegen.

4.12 Ureining

4.12.1 Støyforhold

Eksisterande bustadhus og fritidshus har i dag høge støynivå, jamfør støyfagleg vurdering utført av Sweco AS.

4.12.2 Luftureining

Ingen kjende tilfelle i planområdet.

4.12.3 Ureina grunn

Vi kjenner ikkje til ureina grunn i planområdet.

5 Risiko og sårbarheit

5.1 Føringer som resultat av ROS-analyse

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument. Under blir gjengjeve kva konkrete føringar som er lagt inn i reguleringsføresegnene som direkte følgje av ROS-analysen. Sjå fleire detaljar samt omtale av andre tema i ROS-analysen.

5.2 Skredfare

For trygging av parkeringsplassane SPA2, SPA3 og SPH må følgjande tiltak gjerast:

- Trygging mot steinsprang:
Eksisterande landbruksveg (LL2) ovanfor SPA2 blir modifisert med utgraving av grøft og oppfylling av vegbane slik at effektiv høgde grøft – vegbane blir minst 2m. Tiltaket vil også handtere overflatevatn mot parkeringsplassen.
- Trygging mot snøsky frå Gjølmunna:
For å oppnå le-verknad for parkeringsplassen SPA3 og SPH skal plassane vernast av ein mur/vegg mot skredsida (Gjølmunna), med høgde minst 2,5m over det aktuelle parkeringsplanet.

5.3 Overflatevatn

I føresegnene til planen blir det lagt inn krav om at stikkrenner og bekkeinntak i ny gang- og sykkelveg skal dimensjonerast med klimapåslag i samband med byggeplan for tiltaket.

5.4 Naturmangfald

I føresegnene til planen blir det lagt inn krav om at det i saman med byggeplan for ny gang- og sykkelveg skal gjerast ei registrering av svartlista artar på heile parsellen, og leggjast fram ein plan for korleis svartelista artar skal handterast for å unngå spreiding.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Målsetjing

Målet med planframlegget er følgjande:

- Auka parkeringskapasitet ved fjordstasjonen til Loen Skylift, primært på oppsida av fv.60. Oppdatering av planområdet ved Loen Skylift til dagens situasjon, inkludert dispensasjonar og justeringar.
- Oppgradering av gjeldande reguleringsplan for gang/sykkelveg langs fv. 60 frå Loen til Solvik. Planområdet strekkjer seg vestover til plangrense for ny reguleringsplan for Leitekvia – Solvik (kryss fv.60/ny Opheimsveg), og omfattar om lag 1,2 km gang/sykkelveg. Av dette vart 170 meter bygd ut i samband med bygginga av Loen Skylift.

6.2 Planlagt arealbruk

Aralet er fordelt på dei ulike hovudgrupper av reguleringsføremål slik tabellen viser

Reguleringsføremål	Areal daa
Bygningar og anlegg	3,8
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	34,8
Grøntstruktur	2,3
Landbruks-, natur- og friluftsføremål	7,8
Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	7,9
SUM	56,6

6.3 Endringar i høve gjeldande arealplanar - oppsummering

For den austlege delen av planområdet, som er innanfor «Områdeplan Hoven Loen», vil ein i stor grad vidareføre den regulerte arealbruken, men formålsgrensene blir korrigert i samsvar med utbygginga som er gjort og justeringar undervegs..

6.3.1 Endringar i forhold til områdereguleringsplanen:

- Område STT1 (trase taubane) blir utvida til å omfatte areal for sikringsvoll mot steinsprang
- Område BAA1 (Fjordstasjon) blir utvida til å omfatte areal for sikringsvoll
- Område BL1 (Lager) går ut og blir erstatta av parkerings/trafikkareal (SPA2)
- Areal til nausttomter i BUN1 blir føreslege teke ut av planen. Målet er å erstatte nausttomtene på annan stad, men ein har ikkje avklara endeleg løysing i dette framlegget.

6.3.2 Endringar i forhold til gjeldande kommuneplan og reguleringsplan for Solvik:

- Det blir sett av areal til parkeringsplassane SPA3 og SPH
- Det blir sett av areal til justering/breiare grøft langs eksisterande skogsveg L2 i område SVG20 i samband med sikring av parkeringsplassar mot steinsprang.

6.3.3 Endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan for Solvik:

- Gang/sykkelveg langs oppsida av fv.60 blir planlagt etter same prinsipp som i gjeldande plan, men med følgjande korrigeringar:
 - Breidde på gang/sykkelveg blir auka til dagens standard, som er 3,5 meter
 - Det blir teke omsyn til at framtidig fv. 60 skal planleggast for 7,5 meters breidde
 - Det blir sett av areal til midlertidig anleggsbelte på oppside av skjeringsutslag, dette er areal ein har behov for å disponere i anleggsperioden og som skal tilbakeførast til dagens bruk (LNF-område) etter anleggsfasen.
- Det er sett av areal til nettstasjon/trafo ved profil nr 1040

6.4 Trafikkområde - dimensjonering


6.4.1 Trafikktal

Trafikktal henta frå vegkart.no viser ein registrert ÅDT for 2017 på 2900 kjt/d. Andelen lange køyretøy er 13 %. Framskriva til 20 år etter opningsår, vil trafikktal nærme seg ÅDT 4000. Så veit ein at utbygging av ny E39 vil redusere trafikken på fv. 60. ÅDT < 4000 blir lagt til grunn for dimensjonering.

6.4.2 Dimensjoneringsklasse fv.60

175 meter av fv. 60 er i «Områderregulering for Hoven Loen -fjordstasjon» regulert med 7,5 m breidde, ihht. utbetningsstandard U-Hø2 i Statens vegvesen si handbok N100. Dimensjonert for 80 km/t. Ingen endringar på dette i revidert plan.

Normalprofil og dimensjonerande verdiar for fylkesvegen er vist under.



Figur D.10: Tverrprofil U-Hø2, 7,5 m vegbreidde og fartsgrense 80 km/t (mål i m)

6.4.1 Gang- og sykkelveg


Gang/sykkelveg mellom Loen og Solvik ligg inne i Stryn kommune sin arealdel til kommuneplanen. Parsellen frå Loen til Solvik utgjer første byggetrinn av ein gang- og sykkelveg som er planlagt vidare til Rake. I 2004 vart strekninga Loen – Solvik detaljregulert i «reguleringsplan bustadfelt Solvik». Her er gang- og sykkelveg planlagt på opp/nordsida av fv.60. Same løysing er vidareført i planforslaget, men oppgradert til dagens standard med 3,5 meters breidde på vegen i samsvar med dagens handbok N100. Det er i tillegg regulert inn eit

anleggsbelte på topp skjering, som er ei disponibel, midlertidig "arbeidssone" i anleggstida. Ved ferdigstilling av anlegget blir dette arealet tilbakeført til det underliggende formålet, som i dette tilfellet er landbruksområde med unnatak av ei smal sone bustadareal tilhøyrande gbnr 70/60.

Ved planlegging av gang- og sykkelvegen er det teke utgangspunkt i senterline for framtidig opprusting av fylkesveg 60 med 7,5 meters breidde. Reguleringsplanen tek omsyn til at gang- og sykkelvegen skal kunne byggast utan samtidig opprusting av fv. 60, på same tid som ein skapar rom for framtidig opprusting av fylkesvegen. Dette medfører at gang- og sykkelvegen nokre stader vil ligge i noko meir enn 3 meters avstand frå eksisterande asfaltkant.

6.4.1 Normalprofil gang/sykkelveg

Under er vist eit utklipp frå normalprofilteikning F001. Den viser prinsipp og breidder som er lagt til grunn i planen. Det er sett av plass til 3 meters køyrebane på fv. 60 + 0,75m skulder. Så 3 meters grøft/rabatt og 3,5 meters gang/sykkelveg. Jordskjering på oppside av gang/sykkelveg er planlagt med helling 1:1,5. Nokre stader er der lagt inn bakkemur for å redusere skjeringa på oppside, slik normalprofilen viser. Strekningar med mur på oppside veg er markert på C-teikningar.




Utklipp frå normalprofilteikning F001 for gang- og sykkelveg langs fv. 60.

6.4.2 Lengder ny og eksisterande gang- og sykkelveg

Denne reguleringsplanen regulerer gang/sykkelveg frå profilnr 230 ved Gjølmunna i Loen til profilnr 1425 ved plangrense i vest, ei lengde på 1195 meter. Resterande 33 meter frå plangrense i vest til kryss med planlagt ny veg frå Solvik til Leitekvia, ligg inne i gjeldande reguleringsplan for Leitekvia – Solvik. Kartskissa under viser status:

- Frå Gjølmunna og forbi Loen Skylift sitt anlegg er 170 meter gang/sykkelveg ferdig regulert og utbygd i regi av Loen Skylift AS.
- Det blir i dette planframlegget regulert 1025 meter gang/sykkelveg vidare vestover som ikkje er bygd.
- Saman med 33 meter som ligg i reguleringsplanen for Leitekvia – Solvik blir det no oppdatert reguleringsplan for dei manglande 1058 meter gang- og sykkelveg mellom Loen og kryss tilkomstveg Solvik – Leitekvia.



Illustrasjon av veglengder og planstatus for gang- og sykkelveg .

6.4.3 Avkørsler


Ved Loen Skyliift sitt anlegg er det to eksisterende tilkomstar til området. Desse er opparbeidde i samsvar med gjeldande reguleringsplan og blir vidareført i revidert plan. Dei nye parkeringsområda SPA2, SPA3 og SPH vil nytte eksisterande/regulert avkørsle på oppside av fv. 60.

Bustadeigedom på gbnr 70/60 ved profil 930 har avkørsle rett frå fylkesvegen. Denne vil bli oppgradert til normert dimensjonering for personbil og flytta 11 meter austover for å oppnå tilfredsstillande stigningstilhøve. Avkørsla kryssar gang- og sykkelvegen, men har ikkje blanda trafikk ut over dette.



Visualisering av avkørsleløysing frå fylkesveg mot gbnr 70/60. Mur mellom gang/sykkelveg og eigedommen.

Fritidseigedom på gbnr 70/30 har avkøyrsl rett frå fylkesvegen. Denne vil bli dimensjonert for personbil og flytta 10 meter mot aust for å oppnå tilfredsstillande stigningstilhøve. På grunn av lite tilgjengeleg areal, samt tilpassing til tunet på gbnr 70/30, blir gang/sykkelvegen heva opp til nivå på tunet. Det blir her høve å nytte gang/sykkelvegen som tilkomst til eigedommen frå avkøyrsla i aust. Stigninga på gang/sykkelvegen opp til tunet blir i begge retningar maks 5%.



Visualisering av avkøyrsløysing frå fylkesveg mot gbnr 70/30. Dette er einaste stad der vertikalgeometrien ikkje følgjer fylkesveg 60. Føreset mur mellom fylkesveg og gang/sykkelveg.

6.4.4 Tilkomst til landbrukseigedommar

Tilkomst til landbrukseigedommar ovanfor Loen Skylift sitt anlegg er sikra ved felles tilkomstveg frå avkøyrsl med fv. 60 og landbruksveg LL2.

I gjeldande reguleringsplan for gang- og sykkelveg er det ikkje avsett eigne landbruksavkøyrslar frå fv. 60 til teigar på oppside av gang- og sykkelvegen, det er det heller ikkje gjort i dette planframlegget.

Knappt 200 meter r ovanfor fylkesvegen er det lagt skogsveg parallelt med fylkesvegen heilt frå Leitekvia og austover forbi Solvik. Beste løysinga for tilkomst til skogeigedommar på oppside av fv. 60 vil vere å forlengje, evt. knyte denne skogsvegen saman med tilkomstveggar ved Loen Skylift.

6.4.5 Frisiktsoner

Frisiktsoner i samsvar med HB N100 er påteikna plankarta.

6.4.6 Auka parkeringskapasitet

Besøkande til Loen Skylift som reiser med personbil overgår dei prognoser som låg til grunn for dimensjonering av parkeringsplass. Eksisterande parkeringsplass har ei utforming som fungerer bra både for shuttlebuss og personbil, men har i høgsesong på sommarstid for liten kapasitet for personbilar (ca. 90 stk). I framlegg til revidert plan blir det opna for bygging av tre


nye parkeringsområde på oppside av fv. 60, SPA2, SPA3 og SPH. I SPH er det opna for bygging av parkering i to plan, slik at øverste plan på SPH fluktar med SPA3. Ved full utbygging av desse parkeringsområda vil kapasiteten for personbilar bli dobla, med ein auka på over 100 personbilar samanlikna med gjeldande reguleringsplan. Loen Skylift reknar då med at parkeringsdekning også for personbilar er tilstrekkeleg.

6.4.7 Byggegrenser

Det er ikkje planlagt endringar av gjeldande byggegrenser mot fv. 60 som er sett i gjeldande områdereguleringsplan for Hoven Loen. Langs gang- og sykkelveg vidare vestover mot Solvik er det ikkje sett nye byggegrenser, då planområdet ikkje strekkjer seg ut til aktuell byggegrense. Veglova sine reglar for byggegrense og eventuelle dispensasjonar frå denne vil gjelde på denne strekninga.


6.4.8 Terrengbehandling og massebalanse

Gang- sykkelvegen er lagt på oppsida av fv. 60, stort sett i same høgde som fylkesvegen. Den blir då liggande i skjering så og seie heile vegen, noko som medfører jordskjeringar og fjellskjeringar i varierende høgder. Høgaste jordskjering ligg i strekningane frå profil nr 690 – 810 samt 1370 - 1440. Topp jord-skjering kan på desse strekningane på det meste ligge opp mot ca 11 meter høgde over vegbana. På strekningane er det lagt inn bakkemur dei første 3 meter opp frå grøft/gang/sykkelveg for å avgrense omfanget av jordskjering. Om ein treff på fjell på denne staden, vil dette avgrense breidde av jordskjering og bruk av mur. Sjå visualisering under.



Visualisering av strekning med høg jordskjering, profil 690 – 810. Planframlegget føreset her bruk av bakkemur dei nederste 3 meter av skjeringa for å redusere omfang av jordskjeringa.

Høgaste fjellskjering ligg ved profil nr 1190 – 1250. Fjellskjeringa vil på høgaste punkt her vere ca 11,5 meter høg. På denne strekninga er det lagt inn 1 meter ekstra breidde på grøft på oppside av gang/sykkelveg. Sjå visualisering under.



Visualisering av strekning med høg fjellskjering, profil 1190 - 1250.

Skjeringane vil vere godt synlege sett frå andre sida av fjorden, men i det store landskapet vurderer vi inngrepet til å vere godt innafor det akseptable sett i høve til nytten av tiltaket.

Vegparsellen i dette planframlegget vil ha eit vesentleg masseoverskot, grovt rekna til Ca 11.000 m³ jordmassar, av dette ca 6000m³ ikkje brukbare masser. Ca. 8.000m³ fjellmassar (sprengt volum, inkl djupsprenging)

Ny molo som låg inne i planprogrammet var eit tiltak som ville gjere det mogleg å plassere overskotsmasse i nærleiken. No er dette tiltaket teke ut av denne planen, men tiltakshavar vil i samråd med Stryn kommune i tida fram til byggestart for gang- og sykkelveg arbeide vidare med å få fram dette eller andre tiltak som kan ha nytte av brukbare overskotsmasser.

6.5 Byggeområde

Reguleringsplanen inneheld lite nytt byggeareal. Dei kombinerte formåla BAA1 og BAA2 set av bygg knytt til fjordstasjonen for Loen Skylift, i hovudsak allereie utbygde areal.

Område B gjeld berre ei smal stripe av bustadeigedommen på gbnr 70/60 som blir regulert til midlertidig anleggsbelte i byggeperioden, og så blir tilbakeført til bustadtomt.

Etter innspel frå Stryn Energi AS er det sett av areal til ny nettstasjon/trafo i område BE ved profil nr 1040.

6.5.1 Bygningsutforming, plassering og utnyttingsgrad

Det er ikkje gjort endringar i utnyttingsgrad, byggegrenser eller byggjehøgde som tidlegare er sett i gjeldande områdereguleringsplan for Hoven Loen.

Vidare vestover langs fv. 60 blir det ikkje regulert byggeareal og difor heller ikkje sett byggegrenser. Ny nettstasjon kan plasserast innanfor formålsgrensa.

6.5.2 Grad av utnytting

Tomteutnyttinga vert utrekna etter «Rettleiar for grad av utnytting», gitt i føresegnene som Bebygd areal BYA.

6.5.3 Universell utforming

Gang- og sykkelvegen er for det meste tilnærma flat. Maks stigning 5% der ein tilpassar seg tunet på gbnr 70/30. Veggen held dermed kravet til universell utforming.

Tilkomst til Loen skylift held krav også til universell tilkomst.

6.6 Sikringssoner, faresoner og bestemmelsesområde

Følgjande soner er avsett på reguleringsplan med tilhøyrande juridiske føresegner:

H140 Frisiktsone i avkøyrslar.

H210 Raud støysone

H220 Gul støysoner

H310 Ras- og skredfare

H320 Flomfare

H370 Høgspenningsanlegg

Midlertidig bygge- og anleggsområde (Anleggsbelte)

6.7 Overvatn og dreneringsplan

Dreneringsplan er utarbeidd og følgjer som vedlegg, G-teikningar G01 – G03.

Eksisterande bekkar og sandfang langs fv. 60 er registrert, og prinsippet er å lage nye bekkeinntak eller sandfang for desse på oppside av gang/sykkelveg, legge stikkrenner under GS-veg og kople seg til eksisterande bekkeinntak/sandfang på oppside fv. 60. Når fv. 60 i framtid skal opprustast, må ein kople seg til anlegget som går under GS-veg og legge oppgradert stikkrenne under fylkesvegen. Når det skal utarbeidast byggeplan for strekninga, bør dimensjonar på stikkrenner og bekkeinntak detaljdimensjonast med klimapåslag. Krav om dette er sett i føresegnene.

6.8 Sjø og vassdrag

I og med at molo og naustområde på grunn av grunnforhold måtte utgå i dette planframlegget, inneheld planen ingen nye tiltak i sjø og vassdrag. Område for friluftsområde og hamneområde - VHS og VFV1 – er vidareført frå gjeldande plan utan endringar.

7 Verknader av planforslaget

Sjå også ROS-analyse, vedlagt som eige dokument.

7.1 Biologisk mangfald og naturverdiar

Planframlegget gjer inngrep i terrenget på oppsida av fv. 60, om lag halvparten er skogsmark med barskog/hogstområde, resten lauvskog. Arealet inneheld ikkje registrerte sårbare artar, og burde ikkje ha vesentleg betydning for viltinteresser.

Arealet har registrerte svartelista artar, og klarar ein gjennom anlegget å redusere omfanget av desse, vil det telje positivt for det biologiske mangfaldet.

I sum små til ingen negative konsekvensar for naturmangfald og naturinteresser.

7.2 Sjø og vassdrag

Ingen nye tiltak, ingen verknader som følgje av dette planframlegget.

7.3 Estetikk og bumiljø

Gang- og sykkelvegen, samt nye parkeringsplassar ligg i skjering, og medfører synlege inngrep i terrenget. Vi vurderer omfanget av dette til å vere akseptabelt vegd opp mot nytten av tiltaka, jordskråningar vil gro til og bli mindre synlege.

Eksisterande bustadtomt på gbnr 70/60 vil få eit betydeleg inngrep i utearealet på nedsida av huset. Trafikkstøynivået framleis vil vere høgt, men vil ikkje auke merkbart som følgje av gang- og sykkelvegen. Det same gjeld til dels fritidsbustaden på gbnr 70/30, sjølv om det fysiske inngrepet her er mindre omfattande enn for bustadhuset.

Begge bustadene få fordel av å kunne nytte gang- og sykkelvegen som tilkomst langs fylkesvegen, dette vil bidra positivt til bumiljøet.

7.4 Friluftsliv / born og unge sine interesser

Utbygginga av Loen Skylift er i hovudsak eit positivt bidrag til friluftsliv for alle brukargrupper. Framlegg til revidert plan, med gang/sykkelveg mellom Loen og Solvik, er også eit positivt bidrag til friluftslivet i form av trygg veg for mjuke trafikantar.

Gang- sykkelveg vil også vere det tiltaket som har merkbar betydning for barn og unge. Dette vil vere svært positivt for barn og unge sin tryggleik og høve til fysisk aktivitet.

7.5 Kulturminne og -miljø

Ingen inngrep i kjende kulturminne eller -miljø

7.6 Infrastruktur

7.6.1 Trafikktilhøve

Planframlegget vil gjere parkeringssituasjonen i Loen betre og tryggare, og etablering av ny gang- og sykkelveg vil vere svært positivt for trafikktryggleik og folkehelse for innbyggjarar både i Loen og i Solvik/Rake/Leitekvia.

7.6.2 Straumforsyning

Regulert tiltak medfører ikkje i seg sjølv ikkje krav om omlegging av straumforsyning, men det er kjent at Stryn Energi har planar om å legge dagens høgspenteleine som går ovanfor planområdet, i jordkabel i gang- og sykkelvegen.

7.7 Samfunnsnytte og næringsutvikling

Planframlegget har to hovudmålsetjingar, auke kapasiteten til Loen Skylift og etablere tryggare gangvegsamband mellom bygdene Loen og Solvik/Rake. Begge formåla har stor grad av samfunnsnytte, og dei utfyller kvarandre.

Loen Skylift og Via Ferrata brukar store ressursar på å tilrettelegge for alle former for vandring, frå ekstremruter til lågterskeltilbod med universell utforming. Gang- og sykkelveg mellom Loen og Solvik er ein føresetnad for vidare utbygging av bustadområde i Solvik, og det vil samtidig utgjere ei ny brikke i heilskapen knytt til turistdestinasjonen Loen, Stryn og Nordfjord, der Loen Skylift har plassert seg blant fyrtårna. Tal arbeidsplassar relatert til turisme i Loen er aukande, og ein sterk turistmagnet i området har ringverknader for heile regionen.

7.8 Verknader i anleggsfasen

Anleggsfasen kan få konsekvensar for trafikkflyten på fv. 60. Parsellen vil få eit masseoverskot både av brukbare og ubrukbare masser som må fraktast bort frå planområdet. Det vil bli anleggsstøy i nærleiken av eksisterande bustadhus og fritidshus. Det er ikkje venta at anleggsfasen ut over dette skal medføre vesentlege miljømessige ulemper.

Nordplan AS

Telefon 57 88 55 00
Telefax 57 88 55 01

www.nordplan.no
post@nordplan.no

NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459